



Sivilingeniør Atle Sundal
Kanalveien 52C
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8508 - 20/22468

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2020

Løyve til seksjonering - gbnr 428/178 Kvalheim nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 450/20

VEDTAK:

Alver kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for sameiet Marøyvegen 154-156, gnr.428 bnr.178, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Bygningsmassen består av 2 fritidsbustader over 2 etasjar med 2 fritidseiningar i kvar. Seksjonane 1-4 er boligseksjonar (fritidsbustad) der seksjon 1 -2 har sameigebrøken- 28/100 og seksjon 3-4 har sameigebrøken 22/100. Seksjon 1-2 ligg i 1. etasje og seksjon 2-3 ligg i 2. etasje. Alle 4 seksjonar har tilleggsareal B i form av uteboder utanfor plan 1 og i tillegg altaner/terrasser. Dei ulike seksjonane er elles klart avgrensa i høve til kvarandre.

Det er avsatt areal til parkering på felles parkeringsplassar utanfor denne eigedommen (i samsvar med byggeløyvet). Utearealet er fellesareal.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 428/178 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Saka gjeld:

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 428/178 i Alver, med adressa Marøyvegen 154A-B og 156A-B. På eigedommen er 2 eksisterande fritidsbustader (camping/ utleigehytter) over 2 etasjar med 2 bueiningar i kvar. Bygga har fått ferdigattest 04.07.2008. Kvar eining har eiga inngangsdør og eiga adresse.

Vurdering:

Søknad om seksjonering var komplett då den kom inn, med kart, byggteikningar, vedtekter og firmaattest.

Søknaden er signert av Styrets leder Atle Sundal og styremedlem Marit Britt Hauge Rosland, som saman har signaturrett. Innsendar er Atle Sundal.

Seksjoneringa gjeld eksisterande bygg med ferdigattest. Bygga er i samsvar med godkjent reguleringplan for eigedommen.

Kommunen har utarbeida nytt situasjonskart som vedlegg.

Vedtekter for sameiet Marøyvegen 154-156, gnr.428, bnr.178 ligg ved, og oppfyller minstekravet til slike vedtekter.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova)av 17.juni.2005 nr.101

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 4 seksjonar kr 7400,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/8508»

Med vennleg helsing
Alver kommune

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

428-178-Søknad om seksjonering-signert

428-178-situasjonskart seksjonering

428-178-planteikningar

Mottakarar:

Sivilingeniør Atle Sundal

Kanalveien 52C

5068

BERGEN

